

# Jobbar saman for å bli sett

Samfunnskontakt Liv Jørgensen kjem til å jobba tett saman med presidenten i Psykologforeininga. An-Margritt Aanonsen har lenge ønskt seg ein slik samarbeidspartnar.

**TEKST:**

**Arne Olav L. Hageberg**

**FOTO:**

**Siv Johanne Seglem**

**PUBLISERT 1. februar 2006**

---

- Vi har til no ikkje hatt ei stilling retta mot det å kommunisere ut, seier ho.
- Det er behov for ein person som kan hjelpa til med å profilera Norsk Psykologforeining i samfunnet; som kan jobba mot media, politikarar og forvaltinga. Vi ønskjer oss meir systematisk påverknadsarbeid.

## **Kvardagsproblem**

- Psykologien har dei seinare åra fått ei relativt sterk stilling i samfunnet. Psykologar blir i dag bedne om å uttala seg om svært mange spørsmål. No sist vart vi kontakta i samband med saka om fusk i forskning. Journalistar ønska kommentarar på kva som kan driva menneske til å gjera slikt, fortel Aanonsen.
- Det vert også stadig fleire psykologspalter i media, der spørsmåla i stor grad handlar om alminnelege kvardagsproblem, og ikkje nødvendigvis patologi.

## **Meir tilgjengelege**

Aanonsen meiner den gode psykologutdanninga skal ha mykje av æra for at faget på kort tid har oppnådd ei såpass sterk stilling.

- Utdanninga gjev spesialkompetanse, men er samstundes ålmenn nok til å gje kunnskap som er relevant på mange område i samfunnet. Men det er eit misforhold mellom behovet som kjem til syne i media si interesse for faget, og graden av tilgjengelegheit. Vi ønskjar å bli meir proaktive. Tilsettinga av ein samfunnskontakt er eit ledd i dette.

*Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 43, nummer 2, 2006, side*

**TEKST:**

**Arne Olav L. Hageberg**, Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet

**FOTO:**

**Siv Johanne Seglem**